**Stranda ungdomsskule og vaksenopplæring**
6200 Stranda

21/10-15
TIH

VALFAGET PRODUKSJON FOR SAL OG SCENE - LOKAL LÆREPLAN FOR STRANDA UNGDOMSSKULE

Versjon 21.10.15(kbl)

| Kompetansemål i LK06 | Konkrete læringsmål | Arbeidsmåtar / metodar | Vurdering |
|---|---|---|---|
| Skape:<br>• Utvikle og formidle idèar til ein eller fleire produksjonar<br>• Samarbeide om å utvikle eit audiovisuelt eller scenisk uttrykk – inkludert bruke relevante tekniske løysingar<br>• Sette opp eit budsjett og ein marknadsføringsplan | • Vise kreativitet med omsyn til å kome med idèar til produksjonar, stykke til framføring, m.m.<br>• Øve inn og kunne rolla, replikkane, tekstane eller rørslene<br>• Kunne ta ansvar for eigne oppgåver, og fellesskapet<br>• Vise evner til samarbeid med medelevar<br>• Kunne uttrykkje synspunkt og meiningar, samt gi respons til medelevar<br>• Kunne setje opp eit enkelt budsjett, med oversikt over utgifter og inntekter<br>• Kunne lage reklameplakatar og annan informasjon om produksjonen /oppsetjinga | • Felles idèmyldring<br>• Individuell idèmyldring<br>• Dramatisering<br>• Song<br>• Dans<br>• Spel på instrument<br>• Bruk av teknisk utstyr, lys og lyd<br>• Lage kulissar og rekvisittar<br>• Utvikling av idèar og manuskript, både i fellesskap og åleine<br>• Studere og øve inn replikkar, tekst, koreografi eller notar/akkordar | Eigenvurdering av prosess og produkt<br><br>Undervegsvurdering<br><br>Vurdering av eleven sine evner til samarbeid med medelevar og til å ta ansvar, samt grad av initiativ |
| Formidle:<br>• Presentere ein eller fleire produksjonar for eit publikum<br>• Samarbeide både på og bak scene for at resultatet skal bli best mogleg<br>• Utveksle synspunkt om val av verkemiddel og framføring | • Kunne presentere eit ferdig produkt framfor eit publikum<br>• Kunne bruke stemme, instrument og / eller kropp på ein formålstenleg måte<br>• Kunne vise samspel og samarbeid med andre | • Innøving og framføring av produksjonar | Vurdering av ferdig produkt eller produksjon, i framføring<br><br>Vurdering av eleven sine prestasjonar under framføring, som rytmikk, musikalitet, innleving, stemmebruk, utstråling og kommunikasjon med publikum |

**VURDERINGSKRITERIER**

| Låg måloppnåing | Middels måloppnåing | Høg måloppnåing |
|---|---|---|
| • Er tilstades og deltek i enkle, avgrensa oppgåver i liten eller nokon grad<br>• Tek i liten eller ingen grad ansvar for framdrift i arbeidet<br>• Brukar noko av tida til øving og framdrift<br>• Viser lite eller noko evner og ferdigheiter innan teknikk, song, musisering, dans eller skodespel<br>• Viser liten eller ingen evne til å ta imot instruksjon og forslag til forbetringar<br>• Viser liten eller ingen evne til å samarbeide med andre for å oppnå eit godt resultat<br>• Viser liten eller ingen evne til å kunne setje opp eit enkelt budsjett, samt ein marknadsføringsplan | • Er deltakande og kjem i nokon grad med initiativ, idèar og innspel<br>• Tek sin del av ansvaret under planlegging, innøving og framføring<br>• Brukar tida til øving og framdrift på ein god måte<br>• Viser gode evner og ferdigheiter innan teknikk, song, musisering, dans eller skodespel<br>• Viser evne til å ta imot instruksjon og forslag til forbetringar<br>• Viser evne til å samarbeide med andre for å oppnå eit best mogleg resultat<br>• Viser evne til å kunne setje opp eit enkelt budsjett, samt ein marknadsføringsplan | • Er aktivt deltakande og kjem med kreative idèar, innspel og initiativ<br>• Viser evne til å ta ansvar under planlegging, innøving og framføring i stor grad<br>• Brukar tida til øving og framdrift på ein særs god måte<br>• Viser særs gode evner og ferdigheiter innan teknikk, song, musisering, dans eller skodespel<br>• Viser gode evner til å ta i mot instruksjon og forslag til forbetringar<br>• Viser gode evner til å samarbeide med andre for å oppnå eit best mogleg resultat<br>• Kan setje opp eit enkelt budsjett, samt ein marknadsføringsplan på ein god og formålstenleg måte |

I tillegg blir elevane vurdert innan dei ulike rollene dei har i løpet av året, som til dømes:

- Grad av musikalitet, rytmikk og formidlingsevne ved song og spel på instrument
- Grad av rytmekjensle, presisjon, bruk av kroppen og formidlingsevne ved dans
- Grad av innleving, stemmebruk, bruk av kroppen, lausriving frå manus og formidlingsevne ved dramatiseringar/skodespel
- Grad av teknisk innsikt og evna til å finne gode løysingar ved tekniske oppgåver som lyd og lys